



Ole Kristian Kjenes
Seimsstranda 421
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1624 - 16/13178

Saksbehandlar:
Kjartan Nyhammar
kjartan.nyhammer@lindas.kommune.no

Dato:
18.05.2016

Landbrukssak gbnr 176/1 Spurkeland - Omdisponering av jordbruksareal

Syner til synfaring og munnleg søknad om omdisponering av eit konkret areal den 26.april 2016.

Saka skal handsamast etter jordlova då det omsøkte arealet er definert som fulldyrka mark og skogsmark i Gardskartet. Arealet vert i dag nytta til beite for villsau.



Det omsøkte arealet ligg i eit dalføre bratt ned på vestsida av fylkesvegen. Det er ca 1500 m2 stor og tilkomsten er frå privat veg. Arealet skal nyttast til saging av tømmer og lagring av ymse utstyr knytta til gardsdrifta og drifta av Vikinggarden.

Saksutgreiing :

§ 9 i jordlova seier at dyrka jord må ikkje brukast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon. Dyrkbar jord må ikkje disponerast slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida.

Departementet kan i særlege høve gi dispensasjon dersom det etter ei samla vurdering av tilhøva finn at jordbruksinteressene bør vika. Ved avgjerd skal det mellom anna takast omsyn til godkjende planar etter plan- og bygningslova, drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området, kulturlandskapet og det samfunnsgagnet ei omdisponering vil gi. Det skal òg takast omsyn til om arealet kan førast attende til jordbruksproduksjon. Det kan krevjast lagt fram alternative løysingar.

Landbrukssjefen finn at tiltaket er positivt for utviklinga av gardsdrifta og Vikinggarden og at det har langt større fordeler enn bakdelen ved tapt beite til villsauen.

Vedtak :

Det vert gjeve løyve til omdisponering av inntil 1500 m2 areal pr gbnr 176/1 Spurkeland jfr kartutsnitt. Vedtaket har heimel i §9 i jordlova.

Med helsing

Kjartan Nyhammar
landbrukssjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Ole Kristian Kjenes

Seimsstranda 421 5912

SEIM